



Masfjorden kommune v/ Rita Ludvigsen  
Austfjordvegen 2724  
5981 Masfjordnes  
Att.Rita Ludvigsen

Saksbehandler, innvalgstelefon  
Celine Lunder, 5764 3106

## Tilskot til symjeopplæring for barn i barnehage 2023

Statsforvaltaren i Vestland viser til søknad av 18. oktober 2023 om tilskot til symjeopplæring for barn i barnehagane Nordbygda, Sandnes og Indre Masfjorden, i Masfjorden kommune.

### Statsforvaltaren sitt vedtak

Statsforvaltaren tildeler **kr. 46 000** til Masfjorden kommune, org.nr. 945627913, til symjeopplæring for barn i barnehagane Nordbygda, Sandnes og Indre Masfjorden, for kalenderåret 2023.

### Utrekningsmåte

Kommunen har søkt om tilskotsmidlar for 23 barn. Tiltaka skildra i symjeopplæringa er:

- Vanntilvenjing i Matre symjebasseng

Tilskotet blir gjeve med ein maksimumssats per barn per kalenderår. I 2023 er satsen kr. 2000 per barn.

### Kor og når tilskotet blir utbetalt

Tilskotet blir utbetalt med det første, til kontonummer 3201 48 54958.

### Formål og føresetnader

Tilskotet skal bidra til at kommunar, frivillige organisasjonar og barnehagar kan gjennomføre tiltak for å gjer barn i alderen 4-6 år i barnehagar tilstrekkeleg symjeopplæring slik at barna blir trygge i vatn. Målet er at barna skal bli betre til å symje.

Opplæringa skal skje i barnehagen, og skal i hovudsak gå føre seg i basseng. Dersom det er problem med bassengtilgang, kan tilskotet brukast til symjing i sjø og til innkjøp av vådrakter. Ei føresetnad med innkjøp av vådrakter er at dei blir brukt til symjeopplæring og ikkje til strandtur, leik i vasskanten og liknande. Formålet må vere å gjere barna betre til å symje, og tryggare i vatn. Tilskotsmidlar kan òg brukast til å dekke reiseutgifter til/frå symjehall.

Jenter og gutar skal ha eit likeverdig tilbod.



Ubrukte midlar kan berre bli overført til neste budsjettår etter søknad til Statsforvaltaren.

### **Frist for rapportering**

Frist for rapportering er sett til **1. desember 2023**. Skjema for rapportering finn de på Statsforvaltaren i Vestland si heimeside, [her](#)<sup>1</sup>.

### **Kontroll og forbehold**

Statsforvaltaren og riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at tilskotsmidlane blir brukte etter føresetnadene, jf. Løyvingsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12. Dersom føresetnadene for å få tilskot ikkje er oppfylte, kan Statsforvaltaren krevje tilbake tilskot.

Ved feil i utrekninga kan ei avrekning gjerast i eventuelle komande tildelingar. Tilsegn om tilskot er gjeve med atterhald om at Stortinget kan vedta endringar i statsbudsjettet kap. 231 post 70 for aktuelt budsjettår.

### **Klagerett**

De kan klage på dette vedtaket. Dersom de vil klage, er fristen tre veker frå de har motteke vedtaket. Klagen må nemne kva for endring de ønskjer, og bør vere skriftleg og grunngjeven.

De sender klagen til Statsforvaltaren i Vestland. Dersom Statsforvaltaren ikkje er samd i klagen og difor ikkje endrar vedtaket, vil vi sende klagen til Utdanningsdirektoratet som er endeleg klageinstans.

De har med nokre få unntak rett til å sjå dokumenta i saka. Regelverket for å sjå dokumenta i saka finn de i forvaltningslova §§ 18 og 19.

Med hilsen

Mats Petter Sydengen  
Seksjonsleiar

Celine Lunder  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

---

<sup>1</sup> <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/tilskot/2023/08/midlar-til-symjeopplaring-i-barnehage-2021/>